



Leikanger 14.desember 2020

Referat frå møte i Leikanger sokneråd 8. desember 2020

Til stades: Signe Eikenes, Jon Erling Oppedal, Tore Oddvin Stølen, Tove Stensås, Vegard Bondevik Lie, Eli-Marita Vik Næss.

Sak 36/20:

Referat og innkalling vert godkjent.

Sak 37/20 Skriv og meldingar

Saksframstilling:

Orienteringssaker:

- Gudstenestene sidan sist v Vegard
 - Lys vaken-gudsteneste vart gjennomført
 - Lysmesse med mykje hjelp frå konfirmantane
- Julaften i kyrkja v / Vegard
 - Kyrkjevandring/Ope kyrkje julafta klokka 1330-1630
 - Gudsteneste på sjukeheimen klokka 1200
- Basar. Oppdatering v/ Åse
 - Loddsal på Facebook er i boks
 - Loddbøker ligg på Prix, Kiwi og biblioteket
 - Tilrigging fredag 11.12: Ida, Signe, Bjørg, Åse
 - Loddsal i Kyrkjelydshuset laurdag 12.12 klokka 0900-1700
 - 1.vakt 0900-1300: Åse, Signe, Ida
 - 2.vakt 1300-1700: Tove, Tore-Oddvin, Jon Erling
 - Trekning søndag ettermiddag: Siri, Elin, Signe

Framlegg til vedtak:

Orienteringane vert tekne til vitande.

Vedtak:

Orienteringane vert tekne til vitande.

Sak 38/20: Offertildeling 2021 1.halvår

Saksframstilling:

Tildeling av offer er ei viktig oppgåve for soknerådet og seier noko om kva profil kyrkje-lyden ynskjer å ha. Offermottakar vert ofte teke med i forbøna i gudstenesta og det vert gjerne gjort rom for ein kort presentasjon av offerføremålet i kunngjeringane. Slik kan ein spreie informasjon til kyrkjelyden og inspirere gudstenestedeltakarane til å bidra til noko av alt det gode arbeidet som vert utført av lag, organisasjonar og institusjonar.

Gjennom takkofferet får vi høve til å velsigne andre med noko av det Gud har velsigna oss med.

Eiga saksutgreiing og liste over søkarar til offer ligg ved innkallinga til møte. Det er mange organisasjonar, og vi må gjere eit lite utval.

Framlegg til vedtak:

Saka blir lagd fram utan framlegg til vedtak. Sjå gjennom lista og gjer deg opp ei meining om kva Leikanger kyrkjelyd skal støtte. I saksframlegget er det lagt inn oversikt over gudstenestene 1.halvår og nokre forslag til offertildeling.

Vedtak:

I første halvår 2021 tildeler Leikanger sokneråd offer til desse offermottakarane:

DATO	TID	DAG	OFFER
10.01.2021	11:00	2siå	Kirkens Bymisjon
24.01.2021	19:00	4siå Salmar og kaffi	Frelsesarmeen
07.02.2021	17:00	KrFo Familiesøndag	Det norske bibelselskap
28.02.2021	19:00	2sif Kveldsgudsteneste	Alværa
14.03.2021	11:00	4sif	Redd Barna
21.03.2021	19:00	5sif Salmar og kafi	Kyrkjelydsarbeidet
01.04.2021	19:00	skjærtorsdag	Flyktningehjelpen
02.04.2021	19:00	langfredag	Sjømannskyrkja
04.04.2021	11:00	Påskedag	Det Norske Misjonsselskap
11.04.2021	17:00	Familiesøndag	Kyrkjelydsarbeidet
25.04.2021	11:00		Leger utan grenser
09.05.2021	19:00		Kirkens SOS
17.05.2021	10:15	Fredsgudsteneste	Speidarane
22.05.2021		Konfirmasjon	Kyrkjerlydsarbeidet/konfirmantarbeid
23.05.2021		Konfirmasjon	Kyrkjelydsarbeidet/konfirmantarbeid
30.05.2021	11:00		Røde Kors besøksteneste Leikanger
11.06.2021	19:00		KFUK-KFUM Sogn og Fjordane

Sak 39/20 Ymse

- Tankar rundt eit årsskifte; 2020 har vore eit spesielt år for oss alle. Kva refleksjonar gjer vi oss på slutten av året og i overgangen til eit nytt år?
 - Håpar å få Tysdagstreffet opp å gå i løpet av våren
- Soknerådsmøte våren 2021. Tysdagar klokka 13.45, etter følgjande datoar:
 - 12.01.21
 - 09.02.21 (Kirsti Svangstu vert invitert i høve budsjett/rekneskap)
 - 09.03.21
 - 13.04.21 (Dei tilsette på Kyrkjekontoret vert inviterte til å vere med på dette møtet)
 - 11.05.21

Referent
Tove Stensås